

# KOKEMETODAR

## Vanleg koking

Koking i vatn.

*T.d. poteter, grønsaker og pasta*

## Blansjering/Forvelling

Koking i vatn i få minutt, så rask avkjøling med vatn og is.

*T.d. brokkoli, blomkål, bønner*

## Damping

Koking i vassdamp. Matvara ligg ikkje i sjølve vatnet, men T.d. på ei rist.

*T.d. fisk, grønsaker og pinnekjøtt*

## Posjering

Matvara trekkjer i vatn ved 90-95 °C.

*T.d. egg, fisk og skalldyr*

## I eiga saft

Vassrike matvarer koker i eiga væske.

*T.d. bær*

## I vassbad

Matvara blir lagt i ei skål eller kjele som blir plassert i ein større kjele med svakt kokande vatn. Ein kan også bruke vassbad i steikeovn.

*T.d. sjokolade, karamellpudding*

## Redusering

Koking over lang tid, ofte fleire timar, for å redusere vassinnhaldet og oppnå ein meir konsentrert smak og/eller konsistens.

*T.d. fond/kraft, buljong, saus*

## Sous vide


Koking av matvare som er vakuumpakka. Legg matvara i vassbad som er varma opp til ein bestemt temperatur.

*T.d. kjøtt, fisk*

## Mikrobølgebehandling

Mikrobølger får vatnet i matvara til å koke på kort tid.

*T.d. popcorn, bakte poteter og oppvarming av retter*



# STEIKEMETODAR

## Pannesteiking

Steiking i ei panne med feitt. Brun matvara og steik deretter ferdig ved lågare varme.

*T.d. kjøt og fiskefilet*

## Sautering

Steiking i steikepanne med feitt der ein rister på panna eller rører i matvarene, slik at dei ikkje får farge.

*T.d. løk og andre grønsaker*

## Lynsteiking (woking)

Steiking i wokpanne eller steikepanne ved høg temperatur i lite feitt og over kort tid.

*T.d. kjøt og grønsaker skåre i tynne strimler*

## Braisering

Grytsteiking under lokk med lite eller inga væske.

*T.d. grytsteikt kylling, lammeskank, svinenakke*

## Bruning

Steiking i feitt i gryte eller panne ved høg varme der matvara blir bruna på alle kantar.

*T.d. forbehandling av kjøt til gryterettar*

## Omnsteiking

Steiking i omn.

*T.d. heil kylling, heil kalkun, oksesteik, reinsdyrsteik*

## Steiking på grill

Matvara blir steikt ved høg temperatur (250 °C eller høgare) anten på ein grill, på ei grillrist eller i steikeomn på grillfunksjon.

*T.d. grønsaker, kylling, kjøt eller fisk*

## Gratinerer


Matretten toppast med ost, brødrasp og/eller melkesaus og gratinerast i varm omn slik at overflata blir gylden.

*F. eks. lasagne, pizza, fiskegrateng*

## Frityrsteiking

Matvara blir stekt i olje ved temperatur mellom 160-190 °C. Blir også kalla feittkoking.

*F. eks. pommes frites, berlinerbollar, smultringar, hjortetakk*



# BAKEMETODAR

## Baking

Varmebehandling i omn, oftast ved 180-225 °C. Blir ofte brukt ved tillaging av karbohydratrike matvarer.

*T.d. brød, kaker og poteter*

# MARINERING

## Marinering

Rå matvarer blir lagt i ein marinade eller ei blanding av tørka krydder for å få meir smak og/eller mørning før matvara blir behandla vidare. Marinadar blir ofte laga av olje, syre og krydder. Ein kan også bruke yoghurt.

*T.d. poteter, grønsaker og pasta*

# STIVNEMETODAR

## Bruk av gelatin

Gelatin bløytleggast i kaldt vatn, før ein tilset det i væska og smeltar det ved svak varme. Blandinga stivnar ved avkjøling.

*T.d. fromasj, sjokoladepudding*

## Egg som bindemiddel

Proteinet i egg stivnar ved oppvarming og kan binde væske.

*T.d. pannekaker, vafler, sveler*

## Egg som luftbindemiddel

Proteina i eggekvote blir endra ved pisking slik at ein kan piske luft inn i dei. Dermed blir det danna skum.

*T.d. marengs, fromasj*

## Pisking av kremfløyte

Proteina i fløyte blir endra ved pisking slik at ein kan piske luft inn i dei. Dermed blir det danna skum.

*T.d. piska krem*

## Tjukningsmiddel

Ein tilset T.d. pektin eller alginat til varm frukt, bær eller saft. Blandinga stivnar ved avkjøling.

*T.d. marmelade, syltetøy, gele.*



# JAMNEMETODAR

## Mjøljamning (toppjamning)

Kveitemjøl rørast ut i kaldt vatn og blandast saman med kokande væske under omrøring, til retten har ønska konsistens. Retten kokar vidare under omrøring i ca. 5 minutt.

*T.d. sausar og gryterettar*

## Lys jamning

Feitt smeltast i ei gryte og blandast saman med kveitemjøl. Deretter sper ein med litt og litt væske, til retten har ønska konsistens. Til slutt kokast sausen/suppa i nokre minutt, ofte under lokk.

*T.d. kvit saus, béchamelsaus til lasagne*

## Mørk jamning

Feitt smeltast i ei gryte og varmast til det får lysebrun farge. Deretter blandar ein feittet saman med kveitemjøl, og blandinga brunes vidare til den vert nøttebrun. Rør godt underveis. Spe med litt og litt væske, til sausen har ønska konsistens. Til slutt kokast sausen i nokre minutt, ofte under lokk.

*T.d. brun saus til kjøtkaker*

## Potetmjøl

Rør potetmjøl ut i kaldt vatn. Ta den kokande retten av varmen og tilset potetmjøljamninga under omrøring, til retten har ønska konsistens.

*T.d. fruktgraut og raud saus*

## Legering

Jamning med eggeplomme eller kremfløyte. Tilset eggeplomme eller kremfløyte den varme retten, og varm opp til den tjuknar. Må ikkje koke.

*T.d. aspargessuppe, pasta carbonara*

## Emulgering

Ein emulsjon er ei blanding av to væsker som ikkje kan blandast saman (T.d. vatn og feitt). Eggeplommer kan under pisking brukast som emulgator.

*T.d. majones, béarnaisesaus*

## Puré

Rå eller kokte frukter/grønsaker blandast til ei jamn masse, for eksempel ved hjelp av stavmiksar, og brukast som jamningsmiddel.

*T.d. ulike grønnsakssupper, smoothie*

